



KINN KOMMUNE, HELSE OG VELFERD



ÅRSRAPPORT 2025

LEV VEL – HELSE OG VELFERD

LEV VEL TEAMET

MARTINE BORTHEIM, SAMFUNNSKOORDINATOR. JENNY DALING KORSØEN, MUSIKKTERAPEUT. TORE SKARSTEIN, KOKK. JORUNN BAKKE NYDAL, MUSIKKTERAPEUT/FAGLEIAR

Innhald

Innleiing	2
Overordna samarbeidsforum for Måløy og Florø	3
Koret Sangglede.....	3
Korkafè	3
Treningsgruppe Parkinson.....	4
Parkinsonskafè	4
Allsang på Kulatoppen.....	4
Baking og allsong Kulatoppen	4
Baking på Furuhaugane	4
Baking på Markegata 55	4
Baking på FLOMS	5
Møteplassen i Florø.....	5
Ope kafe i Eikefjord.	5
Allsang på Furuhaugane	5
Frukostsang på Florø omsorgssenter	5
Bowl internasjonal kafè.....	6
Ope hus – Florø	6
Få besøk / bli meir aktiv	7
Frivilligheit	7
Mannadrøs	8
Friviligfest for frivillige i helse.....	8
Foredrag /Innlegg	8
Innsats for andre – Kulatoppen	9
Koordinering av arrangement på institusjonane	9
Arrangement på institusjonane.....	9
Musikkterapi.....	10
Forslingsprosjektet M4M	10
LEV VEL - brosjyre	10
SMS.....	11
Marknadsføring / Informasjon / dokumentasjon	11
Utviklingssenteret for heimetenester og sjukeheimar (USHT)	11
Kurs KF – kulturtime	11
Florø rock.....	12
Florø world choir	12

Innleiing

Lev vel team har igjen hatt eit aktiv år. Teamet er organisert under tildelingseininga med Lene Engebø som er leiar. I 2025 har teamet hatt om lag 19 000 møte med innbyggjarar i løpet av året.

Teamet er arbeider ut til heile helse og velferdstenestene: institusjon, HDO, legegruppa, fysio-ergo og heimeteneste. I tillegg tilbyr vi lågterskel for friske heimebuande for å jobbe helsefremjande og tidleg innsats.

Vi jobbar på tre nivå:

1. individ
2. gruppe
3. opne rom/ samfunnsnivå

Vi tilbyr kartlegging og musikkterapi individuelt, gruppetilbod til smalere grupper som korkafè, baking og frokostsang til at vi har blandakoret Sangglede, Bowl og koordinering av ope hus og andre opne arrangement.

Vi er tett på alle tenesteleiarar med møter og samtale. I tillegg er det jamnlige møter med frivilligsentralane og samarbeidspartar ellers.

På ei gjennomsnittleg veke møter teamet mellom 450-500 av innbyggjaren kvar veke gjennom ulike arrangement som vi leier eller koordinerer.


LEV VEL teamet består av

- Jorunn Bakke Nydal, fagleiar (100%)
- Martine Borthheim, samfunnskoordinator (100 %)
- Jenny Daling Korsøen, musikkterapeut (50% fast, 50%utleigd)
- Tore Skarstein. Kokk (50%)

Vi jobbar direkte med alle i helse og velferd men i tillegg samarbeid vi vi tvers i kommunen og med eksterne aktørar elles.

Lev vel har ansvar for fem oppdrag i handlingsplanen som er utgangspunkt for vårt arbeid i 2025:

- Samfunnskoordinator
- Fremje møter mellom generasjonar
- Mat og fellesskap
- Implementere musikkterapi i helse og velferd
- Tverrfagleg Lev vel samarbeidsforum
- Implementere miljøbehandling på institusjon og heimeteneste



Overordna samarbeidsforum for Måløy og Florø

I 2025 er det utført 4 overordna samarbeidsforum både for Måløy og Florø. Det er eit samarbeidsforum for Måløy og eit for Florø. LEV VEL koordinerer foraene og har ansvar for å kalle inn. Målet er å møtes for å koordinere og samarbeide om gode tilbod og tenester til innbyggjarane i Kinn. Dette ser vi med at informasjonsflyt mellom helse og kultur og fritid er betre. Vi lagar brosjyre og informasjonsmateriell ut til innbyggjarane, vi sit i lag og saman tilboda til vaksne så det blir lettare for innbyggjarane å få oversikt. Vi jobbar med samskaping på institusjonane for å gje gode kvardagar for bebuarene.



I forumet er det representant frå heimeteneste, institusjon, folkehelse, fysio-ergo, kultur, frivilligsentral, kulturskule, oppvekst og museum

Koret Sangglede.

Helse og velferd tok over koret 15.5.2025 og er no drive av helse og velferd. Koret har 58 medlemmer og øver kvar onsdag kl. 11-15.

Det er gjennomført 36 øvingar i 2025

Koret er eit blandakor som syng fleirstemt med eit variert reportoar. Koret har eige styret men musikkterapeuten har ansvar for planlegging og gjennomføring av koret.



Opptredenar i 2025

- **23. mai Generasjonsfestivalen** i Bergen/Festspilla
 - o Konsert Korskirken
 - o Opptreden på festplassen
- **22. mai Straume**, Sartor senter . torsdagstreff

Køyrde buss nedover med 50 deltakarar. Hadde ein overnatting. Koret opptredde på Sotra på Sartor senter og under Generasjonsfestivalen som er ein del av Festspilla i Bergen



- **16. april Basar** på Havglytt
- 25. september **Kleppevikkonsert med Førde trekkspelklubb**, Florø kulturhus.
- **Oktober: Ope kafe** på Allhuset i Eikefjord



Korkafè

Korkafeen er eit tilbod kvar veke på dagtilbodet. Dette tilbodet er for personar med demenssjukdom. Deltakarar er frå dagtilbodet, institusjon og nokon som kjem utanfrå. Dette er ein time med allsong og påfølgjande kaffi. Sangstunda vert leia av musikkterapeut. Kaffi har dagtilbodet ansvar for.

Det er om lag 20-30 deltakarar kvar gong. Gode tilbakemelding der ein gjev uttrykk for meining, nytte, glede, fellesskap.



Treningsgruppe Parkinson

Treningsgruppe for personar med parkinson sjukdom. Gruppe er leia av fysio-ergoavdelinga. Det er om lag 10 deltakarar og trener 2 gongar pr. veke. Musikkterapeut er med på ein trening i veka for å motive til meir yting av treninga. God respons på trening når musikkterapeut er med.

Parkinsonskafè

4 gongar dette året har vi arrangert parkinsonkafè. Dette er ein uformell kafè for personar med parkinson og deira pårørende. Det er enkel servering og ulike tema kvar gong. Om lag 15- 20 deltakarar kvar gong.

PARKINSONKAFÈ

Stad: Havglytt



MÅNDAG 2. MARS KL. 13.30-14.45
MÅNDAG 27. APRIL KL. 13.30- 14.45

2026

Allsang på Kulatoppen

Nytt av året er at musikkterapeuten har allsang kvar måndag på Kulatoppen.

Dette er eit tilbod for alle bebuarar og ein har det i foajeen. Det er om lag 20 – 35 deltakarar kvar gong.

ALLSANG

MED JENNY OG JORUNN

STAD: FOAJEEN PÅ KULATOPPEN
KVAR MÅNDAG KL. 12.00

Velkommen



Baking og allsang Kulatoppen

Fleire gonger dette året har vi hatt baking og song på Kulatoppen. Fyrst er bebuarane invitert til å vere med å bake bollar saman med kokken Tore. Deretter er det allsang og bolle-eting. Bra oppmøte. 2 gongar har Ressurssenteret vore med.



Baking på Furuhaugane

Kvar tysdag har Tore baking med bebuarar på Furuhaugane. Det er om lag 10-15 deltakarar kvar gong.

MATLUKT

MED TORE

KVAR TYSDAG
KL. 11.00



Baking på Markegata 55

Kvar tysdag er det baking med Tore på Markegata 55. Det er om lag 3-10 med kvar gong

Baking på FLOMS

Det er baking på avdelingane og dagtilbodet annankvar veke / kvar veke på FLOMS.

Møteplassen i Florø.


Er eit nytt tilbod vi starta i haust. Det er eit dag/ettermiddagstilbod for innbyggjarar som ikkje har tildelt teneste og som har helseutfordringar.

Vi starta hausten 2025 og hadde 8 samlingar.

Vi var lokalist på Dagtilbudet på Floms. Answaret hadde Lev vel pluss ein tilsett frå Dagtilbudet.

Tilbudet var kvar veke frå kl. 13.30 -17.30. Innhaldet var kaffi, trening, aktivite og middag.

Det deltok 8-10 kvar gong. Vi nådde innbyggjarar som er lite aktive og er ein del aleine.



Ope kafe i Eikefjord.

Kvar fredag er det ope kafè i Ekefjord. Det er gjennomført 38 kafear dette året, med gjennomsnitt 25-30 kvar gong. Den er dreve av fem organisasjonar. Storebru og Langedal sanitet, Sunnarvik sanitet, Eikefjord bygdekvinnelag, røde kors og Eikefjord pensjonistlag. Vi i LEV Vel koordinerer aktiviteten i samarbeid med Florø frivilligsentral



Allsang på Furuhaugane

Kvar fredag er det allsang med musikkterapeut på Furuhaugane kl. 11.15. Oppmøte har vore mellom 10 – 30.

Frukostsang på Florø omsorgssenter

Ein gong i veka er har musikkterapeut frukostsang på alle avdelingane på huset. Musikkterapeuten kjem innom og har ein uformell song og prat stund under frokosten. Det er om lag 30 stk som får dette tilbodet kvar veke.

Bowl internasjonal kafè

I 2025 er det gjennomført 14 Bowl med om lag 2450 besøkende, eit gjennomsnitt på 175 kvar kafe

Bowl er eit samarbeid med Kurs KF, florø frivilligsentral, Solbakken mottak og Kinn sokneråd.

Kurs KF har ansvar i samarbeid med frivilligsentral for å finne folk til å jobbe der med rigging, matlaging, rydding, servering. Dette er folk på introduksjonsprogrammet eller språkpraksis.

Kokk Tore Skarstein er matansvarleg og har ansvar for meny og gjennomføring. Dette er ein del av hans jobb i helse og velferd.

Kinn sokneråd har ansvar for huset, all økonomi som innkjøp, inntekter, sponsorar osv.

LEV VEL koordinerer arbeider og har hovudansvar for marknadsføring.



Haust 2025

Fredagar

kl. 11.30 - 13.30

Stad: Kyrketorget, 2. etasje

22. august

5. september

19. september

3. oktober

17. oktober

31. oktober

14. november

28. november

12. desember - Julebowl



Ope hus – Florø

I 2025 hadde vi 38 ope hus- arrangement med 2512 besøkende.-

I 5 år no har vi tilbudd kulturarrangement kvar torsdag. Målet er å vere forutsigbare, ha lågterskel og gje variert gode kulturtilbod på dagtid. LEV VEL koordinerer programmet og torsdagane. Det er gode tilbakemeldingar og mange som deltek.

Samarbeidspartar er: Florø senioruniversitet, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Pensjonistforbundet i Florø, Havglytt aktivitetssenter, Florø folkebibliotek, Florø kyrkje.

Alle desse aktørane har ansvar for 3- 4 arrangement i halvåret. Ein gong i halvåret møtes vi og planlegg neste halvår. Kvar samarbeidspart kjem på møte med forslag om innhald på sine arrangement. Manglar vi noko er kreative ilag.

Ope hus – arrangement vår/haust 2025

- | | |
|------|--|
| 9.1 | Meir berekraftig mat frå havet? Professor emeritus Dag Lorents Aksnes. |
| 16.1 | Fellesmiddag på Havglytt |
| 23.1 | Forfattarmøte i Florø kyrkje. Siv Merete Annevik i samtale med Erling Nydal |
| 30.1 | Konsert med Arne Sølvberg og Øyvind Lyslo |
| 6.2 | Fellesmiddag på Havglytt |
| 13.2 | Historia om livet Bjørn Angell-Jacobsen |
| 20.2 | Foredrag om utvandringa til Amerika. Historikar Gaute Losnegård |
| 27.2 | Bingo på Havglytt |
| 6.3 | Årsmøte for Senioruniversitetet |
| 20.3 | Pianokonsert med pianist Sivert Blindheim. «Kjent, kjærte og klassisk |
| 27.3 | Vestlandsfjordane. Foredrag ab Espen Jakobsen |
| 3.4 | Fellesmiddag |
| 10.4 | Sild og song på Kystmuseet |
| 24.4 | Foredraget Avslappa sjølvbergar med Siri Helle |

8.5	Fellesmiddag på Havglytt
15.5	Foredrag om bunadssamarbeid mellom Astrup og fiskarfagskulen i Florø . Med museumsleiar Solveig Berg Lofnes.
27. 5	Steinbrot på Staldeneset med professor emeritus Hein Bjerck
5.6	Fellesmiddag
12.6	Dans på Havglytt
28.8	Evert Taube -kveld på Husabula
4.9	Fellesmiddag
11.9	Radioagentane på okkupert norsk kyst . Med Magnus Torvanger
18.9	Mediesituasjonen i Norge og verda . Erik Stephansen
25.9	Jektefart til Bergen med Anne Kristin Moe
2.10	Fellesmiddag
9.10	Kystpilgrimsleia mellom Sognefjorden og Stad . Med Tonje Ramse Trædal
16.10	Beatles og kvinnene . Med Bård Ose.
23.10	Fotoreise med Bjørn Hegrane sin kunst
30.10	Der ingen var einsam . Foredrag med Arild Riise
6. 11	Fellesmiddag på havglytt
20.11	Uro og håp for verda . Cecilie Hellestveit. Utsatt til 2026 pga sjukdom
27.11	Michael Sars i Florø
4.12	Fellesmiddag

Få besøk / bli meir aktiv

Samfunnskoordinator gjort 31 kartleggingsbesøk i 2025 kor desse tiltak er ivertsatt:

- 9 innbyggjarar har fått besøksven
- 4 er i aktivitet
- 11 er på kulturlista
- 2 deltek på møteplass
- 1 har vorte frivillig

Samfunnskoordinator kartlegg og koblar/hjelper innbyggjarar ut i aktivitet. Det er i Måløy og Florø.

Innbyggjarane vert henvist til samfunnskoordinator frå ulike stadar: legekantor, institusjon, heimeteneste, tildeling og privatpersonar, fysio-ergo og psykisk helse og rus.

Frivilligheit

Vi treng frivillige i helse og velferd. Frivillige har vi både på institusjon og ute til enkeltpersonar og i grupper.

Nokre er direkte frivillige i helse medan andre er organisert gjennom organisasjonar. Florø omsorgssenter (Røde kors), Furuhaugane omsorgssenter (Krokane sanitet) og Markegata 55 (Rebecca-losjen) har eigne fadderorganisasjonar. I tillegg er andre organisasjonar inne på desse institusjonane som sangkor og eigne frivillige.

På Kulatoppen er mange frivillige aktive gjennom aktivitet på tysdag, onsdag og torsdag.. Det er røde kors og andre frivillige.

I tillegg er Den norske kyrkja og har andakter annankvar veke på insititusjonane vår i Måløy og Florø.

Mannadrøs

I desember 2025 tok Lev vel med ein frivillig initiativ til ein uformell møteplass for menn: Mannadrøs. Dette blir arrangert kvar veke på Havglytt. Det er ein frivillig som leier gruppa. Den frivillige er frivillig i LEV VEL. I desember var det 10 stk som møtte kvar gong.

Frivilligfest for frivillige i helse

I desember arrangerte vi i samarbeid med frivilligsentral frivilligfest for alle som er frivillige i helse og velferd. Det var 50 som deltok på festen. Det vart servert suppe og kake, underholdning av Gamlekarane, innlegg av frivilligkoordinator Hanne Sande og kommunalsjef Norunn Stavø.



Foredrag /Innlegg

Lev vel er spurt fleire gongar om å dele kompetanse for det arbeidet som er i Kinn kommune. Vi har halde desse foredraga i 2025:

- **Aldring og helse-dagane 2025**
 - o Samskapande prosesser for aktive og meningsfulle dager med Martine Borthheim, samfunnskoordinator.
- **Frivillighet og aktivitet i eldreomsorg, Verdighetssenteret**
 - o Samhandling med frivillig sektor i helse- og omsorgssektoren i Kinn kommune. Martine Borthheim, samfunnskoordinator
- **Høgskulen i Volda – musikk og helse konferanse**
 - o **Musikterapi i eldrehelse. Koordinering og samskaping.**
Jorunn Bakke Nydal

- **Bremanger kommune – frivilligsamling
November 2025**

Samhandling mellom det offentlege og det frivillige. Kvifor er det frivillige arbeidet viktig, og kvifor bør/må vi starte med dette i ung alder ?

Innlegg ved Jorunn Bakke Nydal

- **Kulturkonferanse for Vestland**

- o Allsang og Bowl på konferanse. Allsang ved Jorunn Bakke Nydal og Jenny Daling Korsøyen.
- o Matservering ved Bowl med frivillige og Tore Skarstein
- o Innlegg på konferanse. Samskaping mellom helse og velferd og kultur. Jorunn Bakke nydal

- **Innlegg til legane på legekantor, Sms. Martine Borthheim**

- **Innlegg på Florø røde kors. Martine Borthheim**



Innsats for andre – Kulatoppen

Innsats for andre er eit valfag i 10. klasse. 10 elevar ved Vågsøy ungdomsskule har valgt dette faget. Kvar måndag hausten 2025 har elevane vore på Kulatoppen i tre timar og hatt aktivitet og skapa gode augneblink for bebuarane. LEV VEL har hatt ansvar for opplegg og vore i alg med dei desse måndagane. Dei har hatt aktivitet på tuna i tillegg vore med bebuarane på sangstund for huset. Ein flott gjeng med ungdommar som var ein stor ressurs for bebuarane.



Koordinering av arrangement på institusjonane

LEV VEL koordinerer kulturarrangement ut til institusjonane. LEV VEL booke arrangement og koordinerer det med institusjonane. Det kan vere frivillige, artistar, andaktene som kyrkja har. Det er jamleg dialog og møter med tenesteleiarar på institusjonane for å planlegge og heile tida prøve å finne aktivitet som institusjonen har behov for.

Arrangement på institusjonane

På alle institusjonane er det ulike arrangement i løpet av året. Dette er musikkterapeuten med på eller kokken. Dette året har det vore følgjande arrangement. Lev vel koordiner arbeidet og får informert og rulla det ut til institusjonane.

- **Vår og haustbasar på Furuhaugane.**
- **Påskebasar på FLOMS**
- **Havets festbord på Furuhaugane, Floms og Markegata 55**
- **Sommarfest på Furuhaugane og Florø omsorgssenter**
- **Sommarfest i Eikefjord, Allhuset.**
- **Kulturskulekonsertar.** Kulturskulelærarane har hatt 6 konsertar på institusjonane på Kulatoppen, Furuhaugane, Floms og Markegata. Gamlekarane spelar annankvar torsdag på Furuhaugane.



- Prestane i Måløy og Florø har andakt annankvar veke på institusjonane gjennom heile året.
- Koret Sangglede har allsang for bebuarar på Furuhaugane annankvar veke.
- Krokane sanitet har vaffelsteiking annankvar veke på Furuhaugane
- Kultoppen. Kvar veke er det bingo, røde kors besøksteneste og pårørandekafè. Det blir koordinert av frivilligsentralen i Måløy i lag med Lev vel
- Det er lesevert annankvar veke på Markegata som har høgtlesing.
- Manikyr. Det er neglestell med frivillig kvar veke på Furuhaugane
- Ingvar Hopland med venner har konsertar og allsang på alle institusjonar i kommunen.
- Gjennom den kulturelle spaserstokken har det vore konsertar på institusjon med blant anna Maria Underdal, Inge Reksten og mange andre.
- Florø hornmusikk spelar på institusjonane kvar julaftan og 17. mai.
- Florø skole musikkorps spelar 17. mai på FLOMS
- Florøskulen brassband spelar kvar 17. mai på Furuhaugane



Musikkterapi

Musikkterapeuten har individuell musikkterapi i heile kommunen, ca 10 kvar veke. Det er meningsfullt arbeid. Ein prioriterer dei med størst helseutfordringar. Musikkterapi blir henvist gjennom Cos Doc eller direkte kontakt. Det er ressurskrevjande med individuell musikkterapi, så der vi ser at gruppetilbod er like tenleg så prioriterer vi det.

Forskingssprosjektet M4M

Kinn kommune er med i forskingsprosjektet M4M som er musikkterapi til personar med demenssjukdom. Forskingssprosjektet er internasjonalt men er leia frå Universitetet i Bergen. Kinn kommune fekk kr. 270 000,- for å vere med på prosjektet. I 2025 er har 4 deltakarar vore med.



LEV VEL - brosjyre

Kvart halvår gjer vi ut brosjyrer der det står informasjon til innbyggjarar om aktivitetstilbod og generell informasjon kva helse og velferd jobbar med tidleg i innsatstrappa. Brosjyra går ut med dosettane i heimetenesta, til legekantor institusjonar, kjøpesentra os. Det blir og laga i Måløy men ikkje så hyppig.

[https://issuu.com/natvik/docs/levvel_kalenderen -
f rste halva r 2025](https://issuu.com/natvik/docs/levvel_kalenderen_-_f_rste_halva_r_2025)

https://issuu.com/natvik/docs/levvel_hausten_2025



SMS

Lev vel sender ut sms ut til innbyggjarane ein gong pr. veke. Innhaldet i sms'en er informasjon om ope hus. Pr.31.12.2025 er det 463 som får SMS.



Marknadsføring / Informasjon / dokumentasjon

Marknadsføring om tilbod og kor ein kan søkje hjelp for å vere meir aktiv og ikkje minst hjelp å meistre eigen kvardag er særst viktig. Informasjon er ferskvare og må jobbast med kontinuerleg.

LEV VEL-team jobbar på desse plattformene kontinuerleg

- Facebooksida LEV VEL FLORØ – kultur for helsa
- Facebooksida LEV VEL Måløy . kultur for helsa
- E-postkommunikasjon
- Imatis
- Cos Doc dokumentere musikkterapi og kartlegging samfunnskoordinator
- Friskus – Kinn kommune
- Teams
- SMS-ordning kvar veke til 480 innbyggjarar
- Lage flyere
- Lage brosjyre
- Lage plakater om arrangement: Canvas.com

Utviklingssenteret for heimetenester og sjukeheimar (USHT)

USHT kjøper nokre timar i året frå Kinn kommune for å bruke Jorunn Bakke Nydal til rettleiing og kursverksemd for andre kommune i Vestland. Dette får kommunen refundert. I 2025 jobbar Bakke Nydal 54 timar for USHT og då med rettleiing, kurshaldar på ABC-perm og gjennomføring av nettverksamling for musikkterapeutar i Vestland

Kurs KF – kulturtime

Kurs KF betalar helse og velferd for at musikkterapeut skal ha kulturtime kvar veke. Målet er ei breiare kulturforståing, lære norske songar, innsikt i norske tradisjonar samt at dei sølv kan dele sin kultur.

15-20 elevar/deltakarar. Timen er obligatorisk og som ein del av introduksjonsprogrammet Kurs KF har



Florø rock

Flor rock er eit band for brukarar på Miljøhuset. Bandet øver ein gong i veka og er leia av musikkterapeut. Dette er eit viktig band og som er synleg i lokalmiljøet gjennom ulike opptredenar i byen. Antal deltakarar: 10

Konsertar i 2025:

- 11. juni Amfi kjøpesenter
- 16. desember: julekonsert i Florø kyrkje

Florø world choir

Florø world choir er eit lågterselkor/ drop-in kor der alle kan kome innom ein tur og synge.

Koret er leia av musikkterapeut. I tillegg er det samarbeid med psykisk helse som motiverer sine brukarar til å delta og at ein tilsett er med på øvingane.

Koret har ei fast kjerne på 20-25 medlemmer. Det er god spriing i alder og etnisitet.

Konsertar/ seminar i 2025

Oktober: VM i vektløfting, Førde

Mars: Seminar og konsert saman med Førde internasjonale kor.

Desember: Felles julekonsert med Sangglede og 4. klasse ved Florø barneskule



5/18

Med litt hjelp fekk alle fart på songen.

Foto: Egil Aardal.



6/18

Tilde Henningsen med vener under framføringa av «Sonjas song til julestjerna». Ein klassikar.

Foto: Egil Aardal.